

Saksframlegg

Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Ingebjørg Erikstad, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
 Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Per Morten Ekerhovd, Fylkesrådmannen, Hordaland
 Sak nr.: 17/9497-9

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU		27.11.2018
Fellesnemnda		03.12.2018
Fylkestinget Sogn og Fjordane		04.12.2018
Fylkestinget Hordaland		11.12.2018

Fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune**1. SAMANDRAG**

Fellesnemnda vedtok i møte 18.12.17 at det skulle setjast i gang arbeid med nytt Fylkesvåpen, og at ei tilråding frå arbeidsutvalet til fellesnemnda skal leggjast fram for Fylkestinga for vedtak i 2018.

Arbeidsutvalet vedtok prosjektplan og prosjektorganisering i møte 29.1.18. I tråd med dette vart det sett ei prosjektgruppe med representasjon frå Hordaland og Sogn og Fjordane. Arbeidsutvalet la også til grunn at det skulle settast ein fagkomité som skal vurdere og tilrå alternativ til arbeidsutvalet, etter ein rådgjevande, open innspelsprosess, og ein designkonkurrans der nokre motiv bestemt av fagkomitéen skulle teiknast ut.

Fagkomitéen har vurdert og rangert dei innkomne forslaga i designkonkurransen, og vinnaren i den opne innspelsprosessen. Fagkomiteen vurderte i utgangspunktet tre forslag som godt eigna, eitt forslag som eigna. Fagkomitéen har tilrådd eitt alternativ til fylkesvåpen (tilbydar C, motivgruppe natur og landskap). Tilrådinga frå fagkomitéen er gjeven etter fleirtalsavgjerd der stemmegjevinga i siste votering var 3 mot 2 (der mindretalet stemte for tilbydar E, motivgruppe samtid).

Prosjektlear har vurdert kor brukande dei eigna og godt eigna alternativa er som utgangspunkt for grafisk profil for Vestland fylkeskommune. Symbol og farge i fylkesvåpenet treng ikkje legge føringar eller samsvare heilt med symbol og farge i den grafiske profilen, der ein nyttar ei vifte av fargar og former. Prosjektlear vurderer at dei framlagte alternativa kan vere utgangspunkt for grafisk profil.




Prosjektlear har utført påkravd kontroll av om alternativa til Fylkesvåpen er i konflikt med andre våpen eller kjenneteikn. Påkravd eigenvurdering, og undersøkingane i Patentstyret og Arkivverket, konkluderer med at dei 4 alternativa ikkje er i konflikt med registrerte våpen eller varemerke, og kan registrerast.


Etter prosjektlear sine vurderingar er det ikkje formelle vanskar eller moment ved grafisk profil som vesentleg påverkar tilrådinga frå fagkomitéen. Desse vurderingane er ikkje utført for dei alternativa som fagkomitéen har vurdert som ueigna.

Prosjektlear legg med dette fram tilrådinga frå fagkomitéen og vurderer avgjerdsgrunnlaget for val av fylkesvåpen til å vere tilstrekkeleg utgreidd.

For at vedtak om fylkesvåpen skal vere gyldig må det fattast likt vedtak i fylkestinga.

Fagkomitéen sine eigna, godt eigna og tilråda alternativ

Forslag	Blasonering og grunngjeving
<p>Tilbydar C Natur og landskap Tilrådd</p> 	<p>«Venstre halvdel, skrådelt av sølv og grønt, høyre halvdel, første felt skrådelt av grønt av grønt og sølv, første felt delt av grønt og sølv.»</p> <p>Motivet appellerer ved at linjene gjev eit fokuspunkt. Spissen som treffer skaper ein spenning og dynamikk. Det har ein god form og er eit enkelt men sterkt våpen. Klassisk heraldisk motiv – i ein heraldisk kontekst har det historiske røter samstundes som det er moderne. Fargebruken er tilpassa motivet. Det grønne gjev gode assosiasjonar til Vestlandet og til det velkjende frodige landskapet. Dette er ein farge som går igjen over heile fylket og vil vere samlande.</p>
<p>Tilbydar E Samtid Godt eigna</p> 	<p>«På blå botn 3 x 3 sølv bølgjer.»</p> <p>Det er enkelt og har bevegelsar, er attkjenneleg. Det er ein god stillisering og tolking av bølgjer og vind. Komposisjon er godt balansert. Klassisk og trygt men det er litt lite originalt. Fargane understrekar bølgjer, vind og energi.</p>
<p>Tilbydar C Eige forslag Godt eigna</p> 	<p>«Kløyvd av sølv og grønt, i venstre felt tre sølv strenger, to i øvste halvdel og ein i nedste.»</p> <p>Fin stillisering av dei tre fjordane og dei fire grønne delane. Det har ein balanse utan å bli for symmetrisk. Det er lett å forklare og lett å fatte. Motivet er tidlaust, og krev ingen spesifikke førehandskunnskapar. Komposisjonen vert litt flat. Fargebruken er tilpassa motivet. Det grønne gjev gode assosiasjonar til Vestlandet og til det velkjende frodige landskapet. Dette er ein farge som går igjen over heile fylket og vil vere samlande.</p>
<p>Tilbydar C Samtid Eigna</p>	<p>«I grønt tre sølv vertikale strengar, samla i stolpe og utbøygd mot skjoldfoten.»</p> <p>Motivet er ein god ide og har ein viss bevegelse. Det har ein umiddelbar appell, men står ikkje fram som originalt.</p> <p>Fargevalet gjev meining saman med motivet, med dei grønne liene som omgjev fossane. Motivet er samlande. Motivet engasjerer ikkje.</p>



Prosjektlear legg fram fagkomitéen si tilråding, og rår arbeidsutvalet (FN-AU) til å gjere følgjande vedtak:

1. Arbeidsutvalet vurderer fagkomitéen si tilråding og dei andre utgreiingane i prosjektet som tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag for val av fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.
2. Arbeidsutvalet rår Fellesnemnda til å legge fram alternativ **Tilbydar C Natur og Landskap** til Fylkestinget for vedtak av fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.
3. Arbeidsutvalet rår til at prosjektlear får i oppdrag å sikre formelle rettar knytt til det vedtekne Fylkesvåpenet, og gjere det klart til bruk ved naudsynte tilpassingar.

Vedlegg:

Vedlegg 1 – Designforslag frå tilbydar A

Vedlegg 2 – Designforslag frå tilbydar B

Vedlegg 3 – Designforslag frå tilbydar C

Vedlegg 4 – Designforslag frå tilbydar D

Vedlegg 5 – Designforslag frå tilbydar E

Vedlegg 6 – Tilråding frå fagkomitéen

Vedlegg 7 – Fagkomitéen – vurdering og rangering av alle forslag

Vedlegg 8 – Referat frå møte i fagkomitéen 6.11.2018

Vedlegg 10 – Patentstyret si forundersøking av dei eigna og godt eigna alternativa

Vedlegg 11 – Vurdering av forvekslingsfare mot registrerte våpen i Arkivverket

Vedlegg 12 – Innspel frå DPO grafisk profil om val av fylkesvåpen

SAKSFRAMSTILLING

2. FAGKOMITÉEN SI TILRÅDING

Fagkomitéen hadde møte 6.11.18, og bestemte å tilrå eitt forslag til fylkesvåpen. Dei innkomne forslaga frå designbyråa vart sortert som godt eigna, eigna og ueigna. 3 forslag var godt eigna, 1 forslag var eigna, dei resterande vart vurderte som ueigna. Dei godt eigna forslaga er:

Tilbydar C: motivgruppe natur og landskap

Tilbydar C: eige forslag

Tilbydar E: motivgruppe samtid

Komiteen ville fremje eitt forslag, og hadde 2 avstemmingar. Fyrst vart alternativet til Tilbydar C: eige forslag stemt ut. 2. avstemming viste at Tilbydar C: motivgruppe natur og landskap hadde fleirtal med 3 stemmer, mot mindretalet på 2 stemmer for Tilbydar E: motivgruppe samtid.

På denne bakgrunn tilrår fagkomiteen forslaget frå **Tilbydar C: motivgruppe natur og landskap** til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.


Fagkomiteén foreslår korrigering av blasoneringa til nynorsk for **Tilbydar E: Samtid og Tilbydar C: Samtid**, om alternativet skulle verte nytta.

Jf:

Alle designforslag i vedl. 1-5. Fagkomiteén si tilråding i vedl.6, fagkomiteén si vurdering og rangering av alle forslag i vedl. 7, referat frå møte i fagkomiteén 6.11.2018 i vedl. 8.


Dei 3 godt eigna forslaga, og det 1 eigna forslaget, er vurdert og rangert slik av fagkomiteén:

Tilrådd forslag

Forslag	Grunngjeving og blasonering
<p>Tilbydar C Natur og landskap</p> 	<p>Motivet appellerer ved at linjene gjev eit fokuspunkt. Spissen som treffer skaper ein spenning og dynamikk. Det har ein god form og er eit enkelt men sterkt våpen. Klassisk heraldisk motiv – i ein heraldisk kontekst har det historiske røter samstundes som det er moderne. Fargebruken er tilpassa motivet. Det grønne gjev gode assosiasjonar til Vestlandet og til det velkjende frodige landskapet. Dette er ein farge som går igjen over heile fylket og vil vere samlande.</p> <p>Blasonering</p> <p>Venstre halvdel, skrådelt av sølv og grønt, høyre halvdel, første felt skrådelt av grønt av grønt og sølv, første felt delt av grønt og sølv.</p>

Forslag som er godt eigna

Firma	Framlegg	Grunngjeving og blasonering
<p>Tilbydar E Samtid</p>		<p>Det er enkelt og har bevegelsar, er attkjenneleg. Det er ein god stillisering og tolking av bølger og vind. Komposisjon er godt balansert. Klassisk og trygt men det er litt lite originalt. Fargane understrekar bølger, vind og energi.</p> <p>Blasonering</p> <p>På blå botn 3 x 3 sølv bølger.</p>

<p>Tilbydar C Eige forslag</p>		<p>Fin stillisering av dei tre fjordane og dei fire grøne delane. Det har ein balanse utan å bli for symmetrisk. Det er lett å forklare og lett å fatte. Motivet er tidlaust, og krev ingen spesifikke førehandskunnskapar. Komposisjonen vert litt flat. Fargebruken er tilpassa motivet. Det grøne gjev gode assosiasjonar til Vestlandet og til det velkjende frodige landskapet. Dette er ein farge som går igjen over heile fylket og vil vere samlande.</p>
<p>Blasonering Kløyvd av sølv og grønt, i venstre felt tre sølv strenger, to i øvste halvdel og ein i nedste.</p>		

Forslag som er eigna

Forslag	Grunngjeving og blasonering
<p>Tilbydar C Samtid</p> 	<p>Motivet er ein god ide og har ein viss bevegelse. Det har ein umiddelbar appell, men står ikkje fram som originalt.</p> <p>Fargevalet gjev meining saman med motivet, med dei grøne liene som omgev fossane. Motivet er samlande. Motivet engasjerer ikkje.</p> <p>Blasonering I grønt tre sølv vertikale strengar, samla i stolpe og utbyggd mot skjoldfoten.</p>

Ut over at dei er vurdert å vere ueigna som fylkesvåpen, er ikkje dei resterande forslaga rangert av fagkomitéen.

3. PROSJEKTLEIAR SI VURDERING

Prosjektleiari legg fram tilrådinga frå fagkomitéen slik den ligg føre.

Prosjektleiari har utført påkravd kontroll av om alternativa til Fylkesvåpen er i konflikt med andre våpen eller kjenneteikn. Følgjande kontroll er gjennomført: påkravd eigenvurdering, undersøkingar i Patentstyret og Arkivverket. Dei 4 alternativa er ikkje i konflikt med registrerte våpen eller varemerke, og kan registrerast. Jf. vedl. 9 og vedl.10.

Prosjektleiari har vurdert kor brukande dei 4 alternativa er som utgangspunkt for grafisk profil for Vestland fylkeskommune. Symbol og farge i fylkesvåpenet treng ikkje legges føringar eller samsvare heilt med symbol og farge i den grafiske profilen, der ein nyttar ei vifte av fargar og former.

Prosjektleiari vurderer at dei framlagte alternativa kan være utgangspunkt for grafisk profil. Jf. vedl.11.

Etter prosjektleiari sine vurderingar er det ikkje formelle vanskar eller omstende ved grafisk profilarbeid som vesentleg påverkar tilrådinga frå fagkomitéen. Slike vurderingar er ikkje utført for dei alternativa som fagkomitéen har vurdert som ueigna.

Prosjektleiari vurderer avgjerdsgrunnlaget for val av fylkesvåpen til å være tilstrekkeleg utgreia.

4. PROSJEKTGJENNOMFØRING

Prosjektleiari gjer her greie for korleis prosjektet har vore organisert og ført fram til innstilling og vedtak av fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.

4.1 Bakgrunn for saka

Fellesnemnda vedtok 18.12.17 følgjande i sak PS 7/17 Fylkesvåpen – utforming og fastsetjing:

«1. Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiari.

2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til vedtak av nytt fylkesvåpen i fellesnemnda 3. kvartal 2018.»

Arbeidsutvalet sette i møte 29.1.18 ein overordna prosjektplan, der det vart lagt opp til vedtak i Fellesnemnda i 3.kvartal 2018. Etter justering i prosjektplanen vart det lagt opp til vedtak i 4.kvartal 2018. Den endelege prosjektplanen har vore slik:

Etablering av prosjektgruppe
 Symboltilfang
 Setting av fagkomité
 Open Innspelsprosess
 Designkonkurranse
 Innstilling og vedtak

4.2 Gjennomføring av prosjektet

Etablering av prosjektgruppe

Fylkesrådmennene sette saman ei prosjektgruppe med følgjande representantar:

Arlen Synnøve Bidne	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Ole Vegard Skauge	Hordaland fylkeskommune (koordinator)
Ingvild Ramstad	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Gro Sivertsen	Hordaland fylkeskommune

Symboltilfang

Prosjektgruppa gjorde greie for symboltilfanget som kunne vere aktuelt for fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune, og formidla dette til fagkomitéen, arbeidsutvalet og fellesnemnda. Utgreinga vart også lagt til grunn for den opne innspelsprosessen.

Setting av fagkomité

Fagkomitéen vart sett i arbeidsutvalet sitt møte 24.4.18, i tråd med overordna prosjektplan:

Janne Leithe	tidl. direktør, Sogn og Fjordane Kunstmuseum
Jørn Øyrehagen Sunde	professor, rettshistorikar/heraldikk Universitetet i Bergen
Ashley Booth	professor, visuell kommunikasjon, KMD ved UiB
Oddmund Løkengard Hoel	førsteamanuensis, språkhistorikar, Høgskulen på Vestlandet

Geir Atle Erslund

professor, historikar, UNESCO chair, Universitetet i Bergen

Fagkomitéen hadde følgjande mandat:

- «1. Gruppa konstituerer seg sjølv og vel leiar.
2. Fagkomitéen skal legge fram eitt eller fleire motivforslag frå kvar av motivgruppene: natur og landskap, kultur og historie, samtid/ anna motiv, til designkonkurranse. Forslaga skal ha skildring i ei setning (blasonering), og kan vere skisserte. Forslaga skal grunngjevast. Det må gjerast legalitetskontroll av forslaga. Til grunn for framlegging av forslag kan fagkomiteen sjå til den opne innspelsprosessen.
3. Fagkomitéen skal få utført designkonkurranse, med deltaking frå minst 3 designbyrå. Fagkomiteen skal legge fram reglar for designkonkurransen. Designbyråa skal utforme 1 forslag for kvart av alternativa fagkomitéen har lagt fram. Designbyråa kan i tillegg utforme eitt eige forslag, med skildring i ei setning (blasonering) og grunngjeving.
4. Fagkomitéen skal rangere konkurransebidraga med skriftleg grunngjeving, og tilrå nytt fylkesvåpen.
5. Fagkomitéen vert godtgjort etter Reglement for godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune.»

Open innspelsprosess

Det vart halde ein open innspelsprosess i perioden mai – august. I fyrste fase vart det arbeid breitt med å skape engasjement om prosessen, gjennom å bruke dei fulle breidda av verkemiddel og plattformer som var tilgjengeleg for administrasjonen. Det vart laga faglege retningslinjer og rettleiing som vart lagt ut i ein nettportal, til hjelp for innbyggjarane: <https://www.vlfk.no/kom-med-din-ide-til-nytt-fylkesvapen/>

Det kom inn 667 forslag frå innbyggjarane. Bak talet kjem eit sterkt engasjement til syne. Innspela spegla prosentvist innbyggjartalet i dei to fylka på ein god måte. Alle innspel er arkiverte, og utgjer eit interessant materiale i seg sjølv:

https://www.vlfk.no/wp-content/uploads/sites/17/2018/08/Presentasjon_forslag_fylkesvapen_4.pdf

I andre fase av den opne innspelsprosessen vart det halde ei nettavstemming. På dette tidspunktet i prosjektet var fagkomité og ein folkejury sett: <https://www.vlfk.no/bli-med-i-folkejuryen/>

Fagkomiteen og folkejuryen valde 10 forslag kvar, som innbyggjarane kunne stemme på. Det vart meldt om stort engasjement i nettavstemminga, og 6471 stemmer kom inn. Jf. nettportal:

<https://www.vlfk.no/fylkesvapen/>

Avstemminga gav ein klår vinnar, innspelet frå Jorunn Andreassen frå Jølster:



Prosjektgruppa fann det rett å legge vinnarforslaget frå den opne innspelsprosessen fram for fagkomitéen for reell vurdering, i tillegg til forslaga i designkonkurransen. Det er i ettertid kome fram uvisse om rettane til bruk av symbolet. Forslaget vart vurdert av fagkomitéen, men vart ikkje vurdert som eigna.

Designkonkurransen

Fagkomitéen har sett alle dei innkomne forslaga i den opne innspelsprosessen. Etter ein fagleg prosess, der også tilfanget i innspelsprosessen var ein del av grunnlaget, utarbeidde fagkomitéen eit opplegg for designkonkurransen i tråd med mandatet. Fagkomitéen bestemte også at designkonkurransen skulle legge følgjande til grunn:

«Generelt til alle motiv:

Fagkomiteen har sett til retningslinene for den opne innspelsprosessen og tilrår designbyråa til å nytte desse i sitt arbeid. Dette vil bli vektlagt ved den endelege evalueringa av forslaga. Samstundes er fagkomiteen oppteken av fornying og abstrahering. Det er viktig at fylkesvåpenet er levedyktig og skal fungere godt i eit langt perspektiv.

Fagkomiteen føreslår fylgjande motivforslag til designkonkurransen:

Motivgruppe	Motiv	Utdjuping
Natur og landskap	Fjordar	Motivet skal ikkje vere ei attgjeving av kystlinja men ei abstrahering av fjord som fellesnemnar for dei to fylka som skal slå seg saman. Fjordane opnar opp for verda utanfor. Fylkesvåpenet skal ha fleire enn ein fjord.
Kultur og historie	Veband – samhald og semje	Vebandet var laga av vidjegreiner, og vart sett opp på tinget i ein sirkel når saker skulle drøftast. Dei som sat innanfor vebandet var fredheilage, og skulle snakka seg fram til semje. Slik sikra ein samhald og fred. Vebandet er kjent brukt på Gulating, som opphavelig omfatta Sogn og Fjordane og Hordaland, og er eit særtrekk ved området sin kulturhistorie.
Samtid	Bølgjer, foss, vind - energi	Bølgjer, foss og vind er kjenneteikn ved bevegelse, energi og dynamikk, og har forma regionen. Dei representerer både samtidige og framtidige ressursar.

Merknad: Fagkomiteen vil at motiva skal vere relativt opne for å gje designbyråa handlingsrom. Blasoneringa vil verte utført når fagkomiteen ha fått motiva tilbake frå designbyråa.»

Opplegget for designkonkurransen vart gjort greie for i fellesnemnda sitt møte 10.9.18:

<https://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbld=12323&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=586431>

Det var pre-kvalifisering til designkonkurransen, og 5 designbyrå vart utvalt til å delta i sjølve konkurransen. Fristen for å levere forslag i konkurransen var 1.november.

6.november kom fagkomitéen saman og gjorde tilråding til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune slik det er gjort greie for ovafor.

Innstilling og vedtak

I arbeidsutvalet sitt vedtak av 29.1.2018 er det lagt opp til korleis innstilling og vedtak skal skje.

Fagkomitéen har på bakgrunn av vedtak i arbeidsutvalet av 29.1.18 lagt fram forslag til alternativ for val av Fylkesvåpen, med grunngjeving, rangering og tilråding. Denne tilrådinga er no lagt fram av prosjektleiari. Arbeidsutvalet er styringsgruppe for prosjektet, og skal handsame saka og tilrå til Fellesnemnda.

Fellesnemnda si tilråding til fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen vert lagt fram for fylkestinga for endeleg vedtak. Det må gjerast likt vedtak i dei to fylkestinga for at fylkesvåpenet skal vere gyldig.